



NTL KOMMUNAL- OG
MODERNISERINGSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dato: 26.01.2018
Vår ref.: 2018/945-1
Saksbehandlar: josfare
Dykkar ref.:

Høyringsvar – ny forskrift for distrikts og regionalpolitiske verkemidlar over KMD sitt budsjett

Me viser til høyringsbrev datert 11. desember 2017, gjeldande ny forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar til fylkeskommunane over KMD sitt budsjett.

Fylkeskommunen vert bedt om å kome med tilbakemeldingar på ulike emne, og me prøver her å følgje den strukturen som departementet har lagt opp til i sitt høyringsnotat.

Innleiingsvis vil me likevel trekke fram ein kommentar gjeldande § 14:

Hordaland fylkeskommune påpeikar at dei gjevne kriteria er utfordrande og ikkje i stor nok grad byggjer opp under omstillingsdyktige regionar og omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta, jamfør hovudmåla for kapittel 550 og 553.

Kriteria treng å vere meir relevante og målbare.

Hordaland fylkeskommune stiller også spørsmål om kven som skal rapportere på desse kriteria, korleis dette skal gjerast og kva som ligg i det. Dette gjeld særskilt kriteria b og e.

I si noverande form er det sannsynleg at det vil vere kriteriet a, knytt til etablering av nye arbeidsplassar og auka sysselsetting, fylkeskommunane i stor grad vil lene seg på.

1. Departementet ber om tilbakemelding på antall forskrifter med en begrunnelse dersom 60-postene foreslås adskilt. Vi ber videre om synspunkt på lesbarheten og om forskriften gjengir helheten i forvaltningen av midlene.

Hordaland fylkeskommune stiller seg positive til at det vert laga ei felles forskrift for alle postane.

Men me har følgjande presisering knytt til heilskapen i forvaltning av midlane.

- § 4 må også gjelde for søkbare midlar til omstilling. Det må også visast til § 1c i overskrifta og ikkje berre til 1a og 1b.§

Hordaland fylkeskommune har oppretta ei søkbar tilskotsordning for omstillingsmidlar, og nyttar dei same krava til søknad som under dei to andre postane. Det er difor hensiktsmessig at §1c vert vist til i § 4 gjeldande «Krav til søknad om tilskot».

2. Departementet ber om tilbakemelding på valg av struktur, eventuelt alternative forslag med begrunnelse.

Hordaland fylkeskommune er nøgd med strukturen, men har nokre innspel til endringar.

- For §§ 12, 15 og 19: Desse bør vere like og samlast i ein paragraf, gjelde for alle postane og flyttast til fellesbestemmingane.
- Kapittel 2, 3 og 4 bør ha mest mogleg lik oppbygging.

3. Departementet ber om tilbakemelding på hvorvidt begreper bør defineres, og eventuelt hvilke ord og uttrykk som bør forklares nærmere.

Hordaland fylkeskommune synes teksten i stor grad er lesbar og forståelig, men peikar på nokre mindre endringar:

- Gjennomgåande bør det gjerne understrekast kva departement det er snakk om - KMD.
- § 17 Her må det presiserast at dette omhandlar korleis fylkeskommunar og kommunar kan søke om statlege rammer til omstilling. Dette er vel lite relevant for potensielle søkarar på dei ulike ordningane?
- § 3 Korleis når regionalforvalting.no ut til heile målgruppa? Bør det ikkje forskriftsfestast noko tydelegare korleis ein skal nå ut med informasjon? Kunngjering i media, sosiale mediar etc.
-

4. Departementet ber om tilbakemelding på om tildelingskriterier, rapporteringskrav eller kriterier for måloppnåing.

Hordaland fylkeskommune har fleire merknader til tilderingskriterier og kriterier for måloppnåing. Det vert òg gjeve innspel til mindre språklege justeringar. Desse er merka i kursiv.

Innspela er her prøvd samla i kronologisk rekkefølge.

- §1b At dette gjeld «område med særlege distriktsutfordringar» bør inngå i overskrifta. Setninga som startar med «Føremålet...» kan dermed strykast.
- Delmålet i § 1c bør omformulerast slik at det er ei klar målformulering og ikkje eit «formål» på same måte som i §§ 1a og 1b.
- § 4 punkt b og d kan med fordel slåast saman til eit punkt.
- § 4 punkt c) er vanskeleg å forstå, bør vurdere å omformulere dette.
- § 4 punkt h): Bør omformulerast til: *beskrive aktivitetar i prosjektet inkludert framdriftsplan*
- § 4 punkt j): «Inneholde andre opplysninger som søkerene *meiner er viktig* for vurderingen av søknaden»
- § 4 Søknadsfristen for den enkelte *tilskuddsordning* skal gå fram av kunngjøringen.
- § 6 Tidligare gjekk det fram at det kunne verte gjeve støtte til aktørar som er del av nasjonale program, t.d Ung Entreprenørskap. No er denne delen flytta til kapittel 5. Det kunne med fordel bli flytta hit.

Kapittel 2

- §§ 10 og 13 bør ha same overskrift og den innleiande setninga bør vere likelydande for begge paragrafane.
- § 10 punkt a, Prosjektets eller tiltaket formål skal *vere i tråd med* regionale nærings- og kompetansestrategier.
- Første setning i § 10 og § 13 bør vere tilnærma identiske.
- § 12 siste ledd: Tilskuddsmottakeren skal sette opp prosjektregnskapet slik at det kan sammenlignes med budsjettet, *og skal inneholde en oversikt over alle inntekter og kostander som har sammenheng med prosjektet.*
- § 13 punkt a: Det vil vere hensiktsmessig at kravet om at prosjekta må samsvare med minst eit av kriteria for måloppnåing vert flytta inn i § 4 1b. På denne måten kan heile punkt a) strykast og linkast direkte til formuleringane i § 1b. Det vert feil om prosjekta skal bli skreddarsydd i høve eit eller fleire av kriteria i § 14

Kapittel 4 Om omstillingsmidlar:

- § 16: Når det gjeld reduksjon av arbeidsplassar: Gjeld dette den totale sysselsetjinga i ein kommune? Mange av dei mindre utsette kommunane har høg sysselsetting i offentleg sektor. Tel dette med som grunnlaget i utrekninga i av dei 15 prosentane av den totale sysselsettinga? Etter vår meining bør dette gjelde dei private arbeidsplassane, , eventuelt med unntak for store regionale eller nasjonale fellesfunksjonar som sjukehus, statlege kontor etc.
- § 16: Hordaland fylkeskommune saknar også at bransjeutfordringar vert via plass i denne paragrafen. Mellom anna med tanke på den krisa ein har hatt innan olje og gass.
- § 18 Hordaland fylkeskommune er godt nøgd med kriteria for måloppnåing. Desse kunne med stor fordel gjelde for alle dei tre postande, 60, 64 og 65, jamfør hovudmåla om omstillingsdyktige regionar og lokalsamfunn.

Kapittel 5

- Som kommentert tidlegare meiner me at desse unntaka bør flettast inn i §4, men me understrekar samstundes at det er sær s viktig med desse unntaka.
- § 22a: Hordaland fylkeskommune ser ikkje behovet for særreglar for denne posten.
- Etter vår meining bør slike særreglar unngås i størst mogleg grad.

Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
Næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.